



# Statens vegvesen

## Referat

**Dato:** 16.09.2022

**Tid:** 1200 –1400

**Referent:** Nils Inge Romarheim

**Saksbehandler:** Nils Inge Romarheim

**Tlf. saksbeh.** 906 59 309

**Vår dato:** 20.09.2022

## Møte i styringsgruppa for Bypakke Ålesund

<b>Møtenr:</b>	7-2022
<b>Stad:</b>	Teams
<b>Møteleiar:</b>	Tore Johan Øvstebø
<b>Til stades:</b>	<u>Styringsgruppe:</u> Tore Johan Øvstebø, Øystein Tvedt, Anders Riise, Kristin Sørheim, Ove Nesje, Cathrine Helle-Tautra (For Kjetil Strand). <u>Sekretariatet:</u> Liv Kjersti Finholt, Christine Rørvik, Torbjørn Vatnehol, Nils Inge Romarheim. <u>Andre:</u> Marius Maske, Arild Fuglseth, Olav Johannes Megrund, Marit Krekvik, Inge Rønstad, Kjetil Sporse, Jøran Mentzoni Eilertsen, Miroslav Vasilev, Torill Myren.
<b>Forfall:</b>	Eva Vinje Aurdal, Kjetil Strand.
<b>Kopi til:</b>	Carl Johansen, Vebjørn Krogsæter.

Punkt	Sak	Ansvar / Frist
1	<u>Innleiing ved leiar for styringsgruppa.</u>  Tore Johan Øvstebø opna møtet.	
2	<u>Orientering fra Vegamot om bompengepasseringer, takst og foreløpig status for finansiering.</u>  Marius Maske la fram data for dei 24 første dagane av innkrevinga. Det er eit kort tidsspenn og det er viktig å vere klar over at verdiane kjem til å endra seg over tid. Ein treng eitt år for å kunne gjere realistiske berekningar og tilpassingar, så tala må behandlast med varsemnd.  Grovt anslått årlege inntekter for prosjektet er 320–340 mill. kroner. Dette er basert på 50.400 betalbare passeringar (med pris høgare enn null) der snittprisen er kr. 20,73 per passering. Tel ein	

Punkt	Sak	Ansvar / Frist
	<p>med alle passeringane (også fritakspasseringar), så har ein 100.000 passeringar med ein snittpris på kr. 10,45.</p> <p>Til saman har ein 2,4 millionar passeringar over 24 dagar, med totalt uteståande beløp på 25,1 mill. kroner. Ein må då vere klar over at tap på fordringar ikkje er registrert.</p> <p>Det er venta at snittprisen vil gå noko ned, som følgje av auka innslag av månadstak og endringar i avtaleforhald med meir.</p> <p>Del av avtalepasseringar ligg på 91,6 prosent, noko som er høgt så tidleg etter oppstart. Dette tydar på at det er gjort ein god informasjonsjobb.</p> <p>21,1 prosent av uteståande beløp på 25,1 mill. kroner gjeld fullprispasseringar. Det er dermed tung belastning for kundar utan avtale, og det kjem i stor grad av at dei går glipp av timesregelen.</p> <p>Totalt så skjer om lag halvparten av alle passeringar utan betaling, også dette som ei fylgje av timesregelen.</p> <p>Inntektene til prosjektet er så langt i tråd med forventningane, men ein treng eitt år for å vurdere korleis trafikk og inntekter utviklar seg.</p>	
3	<p>Orientering om trafikktaal.</p> <p><u>Vegnett/sykkel:</u></p> <p>Nils Inge Romarheim gjorde ei enkel samanlikning av trafikktaal for nokre teljepunkt i Ålesund. Det vart i hovudsak vist fram ei samanlikning mellom andre veke i september 2022 mot tilsvarande veke i 2021. Trafikknedgangen var 10–15 prosent for dei viste punkta innanfor bomstasjonane.</p> <p>For punktet på E39 i Brusdalen var det ein nedgang i trafikk på 6 prosent. Noko av denne trafikken ser ut til å ta ruta over Ellingsøya (Bjørge) og om Utviksbygda. Her auka trafikken med 10 prosent (300 bilar pr. dag) og 37 prosent (130 bilar pr. dag). For Ellingsøytunnelen var trafikkauken på 6 prosent.</p> <p>Når det gjeld sykkel så visar dei to teljarane på Campus og i Borgundvegen mot Åse, ein auke i talet på syklistar.</p>	

Punkt	Sak	Ansvar / Frist
	<p>Ein må ta omsyn til at resultatata vert usikre når ein gjer samanlikningar over eit så kort tidsrom. I fjor haust kan trafikkntala ha vore påverka av Corona, noko som også må tas omsyn til.</p> <p>Ein må følgje med over tid om ein får varige, uønskte endringar i trafikkmonster. Slik det ser ut no, gjeld dette spesielt Ellingsøya og Utviksbygda.</p> <p><u>Innfartsparkering:</u> Jøran Mentzoni Eilertsen orienterte kort om innfartsparkering. Det er førebels ikkje nokon registrering av bruk av dei ulike innfartsparkeringane. I forhold til innfartsparkeringa på Moa, så har ein likevel sett at kapasiteten for denne er nytta fullt ut.</p> <p><u>Gratisbuss:</u> Inge Rønstad frå Fram orienterte. Det har vore gratisbuss sidan 22. august. Generelt er Fram veldig fornøgd med passasjerutviklinga og gjennomføringa av tilbodet. Passasjerane har i stor grad tilpassa seg og ein har prøvd å møte behova der dei er. Samanliknar ein talet på passasjerar i veke 36, med tilsvarande veke i 2019, så er auken på 29 prosent. Tilsvarande er auken frå 2021 til i år på 68 prosent.</p> <p>Når det gjeld hurtigbåt så har det for vekene 34 til 36 vore ein auke på 17 prosent samanlikna med tilsvarande veker i fjor.</p>	
4	<p><u>Gassdrive køyretøy.</u></p> <p>Statens vegvesen har fått myndigheit til å fatte takstvedtak knytt til gassdrive køyretøy i takstklasse 2. Ein føresetnad for at ein i byområde skal kunne gje fritak eller redusert takst til slike køyretøy, er at ein har innført eit miljødifferensiert takstopplegg og at det er gjort lokalpolitiske vedtak om å innføre fritak eller redusert takst. Når lokalpolitiske vedtak er på plass, må det utarbeidast ein proposisjon om innføring av miljødifferensierte takstar og endringar i takstopplegg. Saka vert lagt fram for Stortinget, som gjer det endelege vedtaket.</p> <p>Styringsgruppa er positiv til å vurdere å innføre fritak eller redusert takst for gassdrive køyretøy i takstklasse 2. Før ein eventuelt går vidare med å innføre eit miljødifferensiert takstopplegg som gir rom for fritak eller reduserte takstar, bør ein likevel la det gå noko tid. Etter eitt års drift vil trafikkvolum og trafikkfordeling på</p>	

Punkt	Sak	Ansvar / Frist
	<p>takstgrupper, takstklasser og ulike fritaks- og rabattordningar vere kjent. Bompengeselskapet Vegamot skal då ha ein økonomisk gjennomgang av prosjektet, som gir eit godt grunnlag for å vurdere taksopplegget. Om ein meiner det er behov for endringar i takstopplegget, har ein då moglegheit til å leggje fram eit heilskapleg forslag for Stortinget.</p> <p><u>Vedtak:</u> Styringsgruppa stillar seg positiv til å innføre miljødifferensierte takstar i Bypakke Ålesund, med tanke på fritak eller redusert takst for køyretøy i takstgruppe 2 som går på gass. Før ein tar endeleg stilling til saka, vil ein ha betre sikkerheit for kva inntektene til bypakka blir. Saka skal difor takast opp igjen når bompengeselskapet Vegamot har gjennomført sin første økonomiske gjennomgang av prosjektet hausten 2023.</p>	
5	<p><u>Passeringstak takstgruppe 2.</u></p> <p>Eit passeringstak for takstgruppe 2 er vurdert å liggje inne i grunnlagsarbeidet for proposisjonen for Bypakke Ålesund. Dette betyr at ei innføring av passeringstak for takstgruppe 2, ikkje vil ha ein innverknad på inntektene til bypakka som ikkje var tatt omsyn til i proposisjonen. Ein meiner difor at ei innføring av passeringstak kan gjennomførast som ei mindre endring i takstopplegget. Ei slik endring kan då gjerast på eit administrativt nivå med atterhald om at Ålesund kommune og Møre og Romsdal fylkeskommune ønskjer dette.</p> <p><u>Vedtak:</u> Styringsgruppa ber sekretariatet klargjere ei sak om å innføre passeringstak for køyretøy i takstgruppe 2. Saka skal leggjast fram for politisk behandling i Ålesund kommune og Møre og Romsdal fylkeskommune så snart som mogleg.</p>	
6	<p><u>Oppstart av bompengeneinnkreving – status kommunikasjon.</u></p> <p>Christine Rørvik orienterte. I høve til støy kring bompengoppstarten, så har det gått betre enn ein kunne frykte. Folk er flinke til å stille spørsmål både i nettsending, på nettsida og på e-post. Det er viktig med dialog og det er viktig med informasjon om kva betydning bompengoppstarten får for folk. Media har vore interessert og innhald i eigne kanalar har vore godt</p>	

Punkt	Sak	Ansvar / Frist
	besøkt. I tida framover vil ein fortsette med å skape godt innhald og positiv merksemd om prosjekta.	
7	<p><u>Rapportering pr. 2 tertial.</u></p> <p>Behandling av Tertialrapport for 2. tertial vert utsett til neste møte i styringsgruppa. Ein sett då av litt betre tid til gjennomgangen.</p>	
8	<p><u>Orientering om Tonningsgate og Kollektivknutepunktet i sentrum.</u></p> <p>Torbjørn Vatnehol orienterte.</p> <p><u>Kollektivknutepunkt i sentrum:</u> Forprosjektet til Ålesund kommune var ferdig i vår. Fylkeskommunen har arbeidd med byggeplan og konkurransegrunnlag dei siste månadene. Ein planlegg å lyse ut på anbod før jul i år, med oppstart av anleggsarbeid våren neste år og ferdigstilling hausten 2024. Det er sett av 88,4 mill. kroner til prosjektet, men i tillegg kjem ombygging av Posthuskrysset som er ein statleg del. Dette vert finansiert gjennom prosjektet E136 Brosundbro, Waterfront/Posthuskrysset, men vert bygd av fylkeskommunen som ein del av kontrakten for kollektivknutepunktet.</p> <p><u>Sykkelfelt Tonningsgate:</u> Ein jobbar med ei endring av sykkelsystemet, og jobbar parallelt med byggeplan. Prosjektet er, som tidlegare varsla, sannsynlegvis ikkje fullfinansiert med ramma på 14,6 mill. kroner. Det vert anslag i haust med mogleg utlysing på anbod tidleg i 2023.</p>	
9	<p><u>Eventuelt.</u></p> <p>Ingen ordinære saker. Liv Kjersti Finholt vart takka av for arbeidet med bypakka gjennom mange år.</p>	